




Viser på skjermen:	I timen:
	Start med å sjå denne Zak Abel - Less Of A Man (Official Video) - YouTube.
Mykje har forandra seg på få år når det gjeld stereotypiar om kjønn, men kva har enno ikkje endra seg? Kva er framleis sett på som typisk gut og typisk jente?	Mykje har forandra seg på få år når det gjeld stereotypiar om kjønn, men kva har enno ikkje endra seg? La elevane snakke med kvarandre: Kva er framleis sett på som typisk gut og typisk jente? Er klassa einige i at dette framleis gjeld?
	Bruk bilda til å formidle til elevane: For ganske få år sidan var det uvanleg å snakke om kjønn som noko anna enn gut eller jente, mann eller kvinne. Før var det også meir forskjell på kva som var forventet av dei ulike kjønn, og tidlegare har ulike kjønn også hatt ulike rettigheter. Men vi har jo aldri vore heilt ulike kvarandre, for vi er jo alle menneske og har både likskapar og ulikskapar uavhengig av kva kjønn vi er!
	Biologisk kjønn er det kjønnnet ein er fødd med. Dei aller fleste er fødd som jente eller gut, men nokre få barn blir fødd med både mannlege og kvinnelege kjønnsorgan og dei får utdelt eitt offisielt kjønn som kan endrast når ein ser meir kva kjønn barnet ser ut til å vere etter nokre år. Siste åra har haldningar til kjønn endra mykje. Mange tenker no at kjønn er meir som eit spekter med ein svært maskulin mann på eine sida og ei svært feminin kvinne på andre sida, og at alle er plassert ein stad mellom desse. Biologisk kjønn (medfødt kjønn) kan altså plasserast ut over denne pila, både i form av kjønnsorgan, kjønnskarakteristika, men også grad av femininitet eller maskulinitet.
	Opplevd kjønn seier noko om kva ein identifiserer seg som. Ikkje alle er like feminine eller maskuline, men identifiserer seg vanlegvis som det kjønnnet dei er fødd med likevel. Og så er det nokre veldig få barn og unge som ikkje kjenner seg heime i det kjønnnet dei er fødd som, og nokre av desse ønskjer etter kvart å prøve om dei kjenner seg meir heime i seg sjølv om dei får vere eit anna kjønn, eller frigjere seg meir frå kjønn. Ofte gjer ein dette kun gjennom klede og namn, men etter ein er 16 har ein rett til å bytte juridisk kjønn, og nokre få får også medisinsk hjelp for å likne meir på det kjønnnet ein opplever seg som. Det er viktig at vi prøver å vereause med kvarandre i korleis vi er uansett kva kjønn vi er. Om kjønn blir mindre viktig så kan kanskje fleire kjenne seg heime i seg sjølv uansett kva kjønn dei er fødd med? Bruk evt i tillegg begrepa frå Kjønn og identitet udir.no for å forklare cis, ikkje-binær/kjønnsfri.
	Så blir det enda meir komplisert for mange når vi trekk inn seksuell legning, så det skal vi ikkje jobbe så mykje med i dag, men: Det treng ikkje vere samanheng mellom kva kjønn ein er fødd med, opplevd kjønn og kva seksuell legning ein har. Dei aller fleste er enten født gut eller jente, opplever seg om dette (cis) og har heterofil legning, men det gjeld ikkje alle, og det er ikkje mogleg å sjå på eit menneske kva legning dei har utan at dei sjølv ønskjer å vise det. For eksempel vil dei fleste feminine gutar/menn både føle seg som menn og vere heterofile sjølv om dei framstår mindre maskuline enn mange andre. Og svært maskuline gutar/menn kan føle seg som

	jente/dame og vere anten heterofil, homofil, bifil, aseksuell eller panseksuell. Så variasjonen er stor og normal, det er eit mangfald!
Mykje i samfunnet er lagt opp til at alle skal identifisere seg som gut eller jente. • Finn eksempel på slike ting. • Kva kan bli vanskeleg for dei dette ikkje passar for? • Kva kan skular, fritidsaktivitetar og andre gjere for at alle skal ha det best mogleg i kvardagen uansett opplevd eller medfødt kjønn?	Samfunnsdesign for 2 kjønn? Mykje i samfunnet er lagt opp til at alle skal identifisere seg som gut eller jente. • Finn eksempel på slike ting. • Kva kan bli vanskeleg for dei dette ikkje passar for? • Kva kan skular, fritidsaktivitetar og andre gjere for at alle skal ha det best mogleg i kvardagen uansett opplevd eller medfødt kjønn?
Framleis meg  Still Me Non-Binary Short Film (Momentum Station Australia)	Dersom de har tid sjå gjerne denne Still Me Non-Binary Short Film - YouTube sjølv om den varer i 13 minutt. Den er god for å forstå korleis det opplevast å ikkje bli tatt på alvor i kjønnsopplevinga si.
Kva er pronomen?  What are pronouns? (Pronouns.org)	De kan sjå denne om bruk av pronomen dersom det passar denne gruppa: https://youtu.be/MeOGFQ0e4_0?t=32
Kva ord innan mangfaldet i kjønn og seksualitet har de høyrte bli brukt i kvardagen, kanskje berre sagt på tull, men som kan såre/krenke andre fordi det blir brukt som skjellsord? Lag ei liste.	Snakk saman i grupper om haldningar og språk for mangfald om kjønn og seksualitet. Kva ord innan mangfaldet i kjønn og seksualitet har de høyrte bli brukt i kvardagen, kanskje berre sagt på tull, men som kan såre/krenke andre fordi det blir brukt som skjellsord? Lag ei liste. – Skriv eventuelt også ei samla liste for klassa, og øydelegg denne etterpå for å visualisere at dette ikkje er greitt.
• Kven bør gjere kva for å få hindre slik ordbruk? • Øv på ulike måtar å reagere på når de høyrer slike ord blir brukt om eller til folk på ein nedsettande måte.	Kven bør gjere kva for å få hindre slik ordbruk? Øv på ulike måtar å reagere på når de høyrer slike ord blir brukt om eller til folk på ein nedsettande måte. Sjølv om det står «øv» er det heilt greitt om elevane heller berre snakkar saman om kva ein kan seie.
 Be Kind - Be Kind (Official Video) (Pink Floyd)	Avslutt med denne: Zak Abel - Be Kind (Official Video) - YouTube eller med Å være meg Livet Musikkvideo - YouTube
Ei lita pusteøving?  478 Pusteøving (YouTube)	I løpet av timen, og elles i løpet av månaden, kan de gjerne bruke denne lille pusteøvinga 478 pusteøvelse (youtube.com)